



--

<b>Arkiv saknr:</b>	2008/2886
<b>Løpenr.:</b>	20271/2017
<b>Arkivkode:</b>	143

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet	11.10.2017	17/157
Kommunestyret	19.10.2017	17/66

Sakshandsamar: Lotte Næss

## **Framlegg til kommunedelplan Vågslid - 5.gongs handsaming - endeleg vedtak Reguleringsplan for Bukkeneset og Tyrvelidkrysset - oppheving**

### **Vedlegg:**

- 1 kdp Vågslid plankart alternativ 1
- 2 kdp Vågslid plankart alternativ 2 - utan areal i sør
- 3 kdp Vågslid føresegner til 2.g. offentlig ettersyn
- 4 Oppsummering av merknader med rådmannens vurdering
- 5 Merknad frå fylkesmannen
- 6 Merknad frå Vågslid Grunneigarlag
- 7 Merknad frå Marit S.H. Bugge og Raymond I. Bugge
- 8 Framlegg til løypetrasear utanom vassdrag

### **Dokument i saka:**

Plm 26.11.14, sak 14/131

Plm 09.09.15, sak 15/75

Kst 18.06.15, sak 15/40

Kst 19.11.15, sak 15/16

Plm 10.02.16, sak 16/18 Haukelifjell skisenter

Plm 10.05.17, sak 17/92

Vinje kommune brev om høyring og offentlig ettersyn 22.06.27

Merknader som er komne inn :

Statens vegvesen 05.09.17

Fylkesmannen i Telemark 08.09.17

Telemark fylkeskommune 08.09.17  
Villreinnemnda for Setesdalområdet 21.09.17  
Arbuviki hytteforening 07.09.17  
Hytteforeningen Flåmyrane II, Haukelifjell Hytteforening 07.09.17  
Botn Aust hyttelag 08.09.17  
Svarttjønnåsen og Lomtjønnhaugen hytteforening 08.09.17  
Interessefellesskapet for hytteforeningane i Vågslid 08.09.17  
Hytteforeningen Botn Vest 11.09.17  
Vågslid Grunneigarlag 15.09.17  
Ingrid Bakstad/Ingrid Kallstad 13. og 21.07. 17, 08.09.17  
Harald A. Kvålen 08.08.17  
Åsfrid Naadland 21.08.17  
Hallbjørg Strøm og Åsfrid Naadland 06.09.17  
Marit Synnøve Hagen Bugge og Raymond I. Bugge 07., 08. og 15.09.17  
Haukeli Hytter 08.09.17  
Ingvild og Ivar Kåsa v/Jarle E.R. Skadberg 08., 11., og 15.09.17  
Borghild Midtveit 11.09.17  
Tor Arne Hansen 04.09.17  
Oddvar Flatebø v/adv. Christian Tumyr Kjær 06.09.17

### **Bakgrunn:**

Plan- og miljøutvalet vedtok 10.05.17, sak 17/92, å leggje framlegg til kommunedelplan for Vågslid ut til ny høyring og nytt offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 11 - 14.

Brev om høyring og offentleg ettersyn vart sendt ut 16 og 22.6.17, med frist for merknader 08.09.17.

Framlegget blei lagt ut i to alternativ : (1) Planområde som den gjeldande kommunedelplanen, og (2) planområde der ein har teke ut areal sør for vassdraget som det er knytt motsegn til.

Det er kome inn mange merknader, som er oppsummert i vedlegg 4. Kortversjon : Fylkesmannen har motsegn til F11 og til grensa for omsynssone villrein, men kommunen kan vedta alternativ 2. Vegvesenet viser til at det er sterke nasjonale politiske føringar som vil innebere oppgradering av E134 og auka trafikk. Kommunen må forvalte areala langs vegen på ein samfunnsmessig klok måte. Tal avkøyrslø må reduserast, og areala langs vegen må ikkje byggast ned. Hytteveforeningane er imot utbygging av F11, og opptekne av tiltak for friluftslivet, mellom anna planfrie kryssingar skiløype/bilveg. Grunneigarlaget aksepterer sentrale areal til næring/utleige, men ikkje dei mindre områda som står att somme stader. Dei vil ha private utbyggingsavtaler og mindre absolutte krav til tiltak, vegstandard. Meir liberale føresegnar om grad av utnytting. Nokre grunneigarar av mindre eigedomar lengre aust vil dele frå hyttetomter.

Oppheving av reguleringsplan for Bukkeneset og Tyrvelidkrysset var lagt ut på høyring og offentleg ettersyn saman med framlegg til ny kommunedelplan 23. 05 – 01.08.13. Det kom ikkje merknader til opphevinga.

## **Vurdering:**

I notatet «oppsummering av merknader ved 2. gongs høyring og offentleg ettersyn», har rådmannen kommentert/vurdert dei einskilde merknadene, sjå vedlegg 4. Nokre sentrale tema :

### Utbygging sør for vassdraget – konsekvensar for villrein

Ein ser at den planlagde utbygginga F11 kan ha negative konsekvensar for villreinen. Dette er gjort greie for i rapportar frå Faun naturforvaltning AS datert 22.01.14 og 12.01.15. Ein ser òg at utbygginga grip inn i eit viktig turområde – sjå KU frå ATPlan s. 31. - 34. Dette var også peikt på i konsekvensutgreiinga frå ATPlan som låg ved planframlegget til offentleg ettersyn. Rådmannen vil likevel legge stor vekt på dei positive ringverknadene av hyttebygginga for det lokale næringslivet. Ein vil dermed rå til å stå fast ved framlegg til byggeområde F11 slik det er no. Ein viser elles til rådmannens innstilling då saka vart handsama i plm 26.11.14, sak 14/131 etter offentleg ettersyn 1.gong.

### Omsynssone villrein

Heiplanens grenser er grovmaska. Rettslig bindande arealbruk for områda blir først fastlagt gjennom revisjon og vedtak av kommuneplanen i den enkelte kommunen (Heiplanens pkt 2.4). Rådmannen meiner kommunens framlegg til grense for omsynssone villrein ikkje skil seg vesentleg frå grensa i Heiplanen. Dette ikkje minst fordi den passar betre med terrenget og villreinens faktiske arealbruk. Det er òg slik at grensa i dette området er grensa til Heiplanens "villreinområde", ikkje den enda viktigare "nasjonalt villreinområde"

### Om konsekvensutgreiing

Utbyggingsområde sør for Kjelavassdraget slik det er lagt ut til offentleg ettersyn no (F11 alternativ 1), er utgreidd i konsekvensutgreiing frå ATPlan i 2013. Etter offentleg ettersyn fyrste gong i 2013 hadde fylkesmannen motsegn, mellom anna fordi konsekvensane for villreinen av den samla utbygginga i Vågslid ikkje var tilstrekkeleg utgreidd. Kommunen fekk då utarbeidd ein rapport om dette frå Faun naturforvaltning AS datert 22.01.14. Her la ein til grunn ein utbygging av F11 i redusert form, slik det vart vedteke av plm 27.02.13. Etter at plm i møte 26.11.14 vedtok å utvide F11 tilsvarande rådmannens innstilling i 2013, fekk ein Faun naturforvaltning AS til å lage ein tilleggsrapport datert 12.01.15, Denne vurderer konsekvensane for villreinen av eit utvida F11.

### Utbygging sør for vassdraget – konsekvensar for friluftslivet

Planadministrasjonen forstår hyttefolket og deira uro. Med utbygging av F11 vil eit viktig friluftsområde reduserast monaleg. Området er viktig fordi det er sentralt, nært og skjerma for vind og vær. Ved utbygging kan dei viktigaste løypene takast vare på, med korridorar, eller bli lagt om. Det vil likevel ikkje bli det same, fordi ein må gå lenger gjennom det nye hyttefeltet før ein kjem ut i ope landskap. Rådmannen står likevel fast ved konklusjonen frå tidlegare om å byggje ut F11. Ringverknadene av hyttebygginga er stor for lokalsamfunnet. Kommunen vil arbeide for å finne nye friluftsområde som kan kompensere.

## Oppsummering av framlegg til endringar

### Plankartet

- To nye alt. av kryssing av vassdrag : mogleg kryssing nedstrøms for terskel i utlaupet av Arbuvatn og ved utlaupet av Vesle Vågslidvatn.
- Areal ved Botn som vist i skisse datert 29.09.17
- Arealet mellom F3 og F4 vert tilpassa reguleringsplanen for Listøyl vest.
- Byggeområde F14 (Skyttja) vert utvida som vist i skisse.
- Byggeområde FT4 (Sportelltomta og Stormyri) vert utvida for å fylgje eigedomsgrensa. . Lengst i sør, mellom 99/123 og 215, bør det visast som i dag.
- Byggeområde FT11 (Raudberg) vert utvida som vist i skisse.
- Området rundt tunet i 99/10 (Arbutun) vert sett av til byggeområde for bustad/næring.
- Ved Gamlevegen 7,9,11 bør formålsgrensa fylgje eigedomsgrensa.
- Byggjegrænse 50 m langs E134.
- 50- m beltet må takast ut av SB1 og SB2. Det same gjeld byggeområde for fritidsbustader langs vegen. F5 og F15 går ut.
- Byggjegransar langs dei store vassdrag må vere synlege i plankartet, moglegvis også dei mindre. Plankart må konsekvent syne 50 m byggjegrænse frå vassdrag, der dette er bestemt.
- «Omsynssone d - bandlagt etter anna lovverk» på Gamle Haukelivegen og Haukelifjell brøytestasjon.
- Gamle botn skysstasjon : KDP bør oppheve dei aktuelle delane av den gjeldande reguleringsplanen, og vidareføre vernet med ei omsynssone C.
- Framlegg til nye skiløyper utanfor vatn blir lagt inn i plankartet som informasjon.
- Turveg Bukkeneset – Arbuvollen tas ut fordi det er uaktuelt (terreg/nærleik til E134)

### Føresegnene

- 2.2. Omsyn til mogleg flaum og ras/skred, skal krevjast nærare dokumentert før det vert gjeve byggjeløyve.
- 2.8. Tillegg ;Sikker kryssing av vassdragene for løypekøyning må avklarast i områdeplan før utbygging av F11.
- 3.2.1 : Nye vegar (samleveggar og lange stikkveggar) skal ha vegstandard tilsvarande landbruksveg klasse 3.
- 3.4.1 : Ein kan opne for 6,5 m mønehøgde der bygget fylgjer terrenget, det ikkje kjem i himmelsyn eller på anna måte er eksponert. Anneks bør ha maks 4,0 m mønehøgde. I bratt terreng, på høgder eller andre eksponerte område bør grad av utnytting vere lågare.
- 3.4.2 : F11 - vurdere friområde ved Botnstøylane (evt. også 7.4.2). Ved evt etablering av tilførselsveg over elva ved innløpet til Vesle Vågslidvatn må ein taka vare på landskaps-elementet der svaberget strekk seg inn i elva.
- Eksisterande tilkomstar til F18, F19, F20, F21, og 23 er dårlege og ein bør ikkje leggje opp til at desse skal betjene ny og utvida aktivitet før ny E134 er etablert. Tilkomstilhøva må avklarast med SVV før ein startar reguleringsplanarbeid. Det same gjeld Øykelihylen camping (3.7) og RU1 Klypehjellen (3.9.1).
- 3.7 : N2 og N3 opnast for samferdsleanlegg, i tillegg til funksjonane som er nemnde frå før. Tyrvelidkrysset må fullkanaliserast. Areala i krysset må ikkje tettast igjen.

- 4.1.1 Færrast moglege kryss/avkøyringar i E134. Det bør ikkje vere meir enn to, evt tre kryss med tilkomst mellom Eivindbuvatn og Vågslivatn mot sør, ved Myrane, Arbutun og Arbuvollen.
- Dersom N4, F7, F8 og SA2 skal realiserast før E134 er lagt i tunnell, må ein fyrst avklare kryssløysing i E134. . Der ny og eksisterande E134 går i same område, er det aktuelt å etablere eit samlevegssystem. Det er særst viktig å unngå bygging nær hovudvegen i desse områda.
- Det må etablerast byggegrense på 50 m frå eksisterande og ny E134. Når ny E134 vert etablert kan ein byggje nærare vegen langs den gamle traseen.
- 4.1.2 P-plassar må etablerast i tilknytning til eksisterande åtkomstar frå E134.
- 5.1.3 . Spreidd og ny bygging innanfor denne sona bør tas ut av planen. Når ny E134 vert etablert kan ein byggje nærare vegen langs den gamle traseen. Ein bør ikkje tillate spreidd bustadbygging i SB1. Åtkomst til bustad i SB2 sør for E134 må skje via nytt kryss rett aust for Botnetjønni. SB1 er Vågslid og SB2 Botn.
- 7.3 overskrifta endrast til «7.3 Omsynssone freda vegmiljø (§11-8 d)». I framtidig sakshandsaming bør det nemnast at Haukeli vegmiljø er forskriftsfreda etter kulturminnelova, og omfattar Gamle Haukelivegen og Haukelifjell brøytestasjon.
- nytt punkt 7.2.3 med føremål om å ivareta eit heilskapleg skysstasjonmiljø av nasjonal verdi mm (sjå merknaden).
- 7. 5. Dei aktuelle delane av den gjeldande reguleringsplanen «Gamle Botn skysstasjon» opphevast (R6, PlanID19910004).

Endringane ein rår til er ikkje så vesentlege at det er nødvendig med ny høyring eller offentleg ettersyn.

Vegen vidare : Ein rår til å vedtaka alternativ 2, der areal det er knytt motsegn til er tekne ut. Dette alternativet kan eigengodkjennast av kommunen i medhald av pbl § 11 – 15. Alternativ 1, med byggeområde F11 sør for vassdraget, kan ein så taka til mekling, jfr pbl § 11 - 16. Ein vil rå til fyrst å ta kontakt med fylkesmannen vedk konsekvensutgreiing, for å avklare om dei er samde i at saka er tilstrekkeleg utgreidd. Etter mekling går saka normalt til kommunestyret. Dersom ein ikkje vart samde i meklinga, går saka til kommunal- og moderniseringsdepartementet etter kommunestyret. Departementet tek endeleg avgjerd i saka.

Saka går til kommunestyret.

## ***Rådmannens framlegg til vedtak:***

1. Framlegg til kommunedelplan for Vågslid, alternativ 2, vert vedteken i medhald av pbl § 11 - 15, med desse endringane :
  - a) areal ved Botn som vist i skisse 29.09.17
  - b) byggeområde F14 (Skyttja) vert utvida som vist i skisse.
  - c) byggeområde FT11 (Raudberg) vert utvida som vist i skisse.
  - d) føresegnes 3.4.1 : ein kan opne for 6,5 m mønehøgde der bygget fylgjer terrenget, det ikkje kjem i himmelsyn eller på anna måte er eksponert. Anneks bør ha maks 4,0 m mønehøgde. I bratt terreng, på høgder eller andre eksponerte område bør grad av utnytting vere lågare.
  - e) andre endringar som er nemnde i rådmannens vurdering.
2. Kommunen går til mekling om framlegg til kommunedelplan for Vågslid, alternativ 1, jfr pbl § 11 – 16 . Endringar elles som under pkt 1.
3. Reguleringsplan for Bukkeneset og Tyrvelidkrysset vert oppheva i medhald av pbl § 12 – 14.

Rådmannen, 29.09.17

Jan Myrekrok, rådmann /s/

### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet 11.10.2017:**

#### Framlegg frå Sp v. Tone Edland:

Område FT11, FT9 og FT6 blir endra frå blått til gult.

#### Framlegg frå H v. Arne Skogheim:

Rett til utleige på gule tomter – der det er regulert til fritidsbustad kan ein fritt leige ut.

Endringar i føresegner og retningslinjer

2.8

Nest siste setning endrast til «Løyper gjennom hyttefelt skal ha ein korridor på 20 meter»

2.10

Siste setning endrast til «Der det er notert P i plankartet skal ein regulere slike parkeringsplassar i samråd med Statens Vegvesen».

3.4.1

Same utnyttingsareal og byggeskikk og volum.

Avsnitt 2 og 3 utgår.

3.7

I tabellen «Føringar» - føy til «detaljhandel» - gjeld områda N1-N4.

5.1.2

2. avsnitt – 60 + 10m<sup>2</sup> endrast til 60 + 20m<sup>2</sup>

Endringar i plankartet

Byggeområdet F14 blir utvida til byggegrense lik føresegnene – altså 30 meter.

#### Framlegg frå Sp v. Ove Kringlegarden

Tillegg pkt 3.4.1 i føresegnene - Mål måne og gesims reknast frå topp såle eller ringmur.

#### Framlegg frå rådmannen:

Fareområde høgspent vert teken ut der den er lagt i kabel, jf. e-post frå VTK 5.10.17

#### Røysting føresegnene:

Rådmannens framlegg til pkt d blei sett opp mot Skogheim framlegget til pkt 3.4.1.

Skogheims framlegg fall med 5 mot 2 røyster.

Skogheims framlegg om å ta ut 2. og 3. avsnitt i pkt 3.4.1 blei vedteke med 6 mot 1 røyst.

Skogheims framlegg til pkt 2.8. fall med 4 mot 3 røyster.

Skogheims framlegg til pkt 2.10 blei samrøystes vedteke

Kringlegardens tillegg til pkt. 3.4.1 fall med 5 mot 2 røyster.

Skogheims framlegg til pkt 3.7 blei vedteke med 5 mot 2 røyster.

Skogheims framlegg til pkt 5.1.2 fall med 5 mot 2 røyster.

Føresegnene elles blei samrøystes vedteke.

#### Røystingar plankartet

Rådmannens framlegg pkt. 1a blei samrøystes vedteke

Rådmannens framlegg pkt. 1b blei sett opp mot Skogheims framlegg. Skogheims framlegg fall med 4 mot 3 røyster.

Edlands framlegg om å gjere om område frå blått til gult blei samrøystes vedteke. Ein røysta då ikkje over rådmannens framlegg til pkt. c.

Rådmannens framlegg pkt. 1e blei samrøystes vedteke.

Rådmannens framlegg vedk. fareområde høgspent blei samrøystes vedteke.

Rådmannens framlegg til pkt. 2 og 3 blei samrøystes vedteke.

Vedtaket blei då

- |  |
|--|
| <p><b>1. Framlegg til kommunedelplan for Vågslid, alternativ 2, vert vedteken i medhald av pbl § 11 - 15, med desse endringane :</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>a) areal ved Botn som vist i skisse 29.09.17</li><li>b) byggeområde F14 (Skyttja) vert utvida som vist i skisse.</li><li>c) føresegnenes 3.4.1 : ein kan opne for 6,5 m mønehøgde der bygget fylgjer terrenget, det ikkje kjem i himmelsyn eller på anna måte er eksponert. Anneks bør ha maks 4,0 m mønehøgde. I bratt terreng, på høgder eller andre eksponerte område bør grad av utnytting vere lågare.</li><li>d) andre endringar som er nemnde i rådmannens vurdering.</li><li>e) I føresegnene, pkt. 3.4.1 - Avsnitt 2 og 3 utgår.</li><li>f) I føresegnene, pkt. 2.10 - Siste setning endrast til «Der det er notert P i plankartet skal ein regulere slike parkeringsplassar i samråd med Statens Vegvesen».</li></ul> |
|--|

- g) I føresegnene pkt. 3.7 - I tabellen «Føringar» - føy til «detaljhandel» - gjeld områda N1-N4.
- h) Fareområde høgspent vert teken ut der den er lagt i kabel, jf. e-post frå VTK 5.10.17
- i) Område FT11, FT9 og FT6 blir endra frå blått til gult.

4. Kommunen går til mekling om framlegg til kommunedelplan for Vågslid, alternativ 1, jfr pbl § 11 – 16 . Endringar elles som under pkt 1.
5. Reguleringsplan for Bukkeneset og Tyrvelidkrysset vert oppheva i medhald av pbl § 12 – 14.

Saksordførar: Tone Edland

#### **Handsaming i Kommunestyret 19.10.2017:**

##### Framlegg frå Sp v. Tone Edland:

Endre punkt 2 til:

Handsaming av framlegg til kommunedelplan Vågslid alternativ 1 blir utsett til etter mekling.

##### Framlegg frå H v. Bjørn Arne Lindskog:

- Endringar i plankartet  
Byggeområdet F14 blir utvida til byggegrense lik føresegnene – altså 30 meter frå Rafdal.
- Utfartsparkering blir bygd i nordenden av F14

Framlegget til Edland blei samrøystes vedteke

Framlegget til Lindskog vedkomande byggegrense fall med 15 mot 10 røyster.

Framlegget til Lindskog vedkomande utfartsparkering blei vedteke med 14 mot 11 røyster.



Framlegget frå plan- og miljøutvalet elles blei samrøystes vedteke.

1. Framlegg til kommunedelplan for Vågslid, alternativ 2, vert vedteken i medhald av pbl § 11 - 15, med desse endringane :
  - a) areal ved Botn som vist i skisse 29.09.17
  - b) byggeområde F14 (Skyttja) vert utvida som vist i skisse.
  - c) føresegnene 3.4.1 : ein kan opne for 6,5 m mønehøgde der bygget fylgjer terrenget, det ikkje kjem i himmelsyn eller på anna måte er eksponert. Anneks bør ha maks 4,0 m mønehøgde. I bratt terreng, på høgder eller andre eksponerte område bør grad av utnytting vere lågare.
  - d) andre endringar som er nemnde i rådmannens vurdering.
  - e) I føresegnene, pkt. 3.4.1 - Avsnitt 2 og 3 utgår.
  - f) I føresegnene, pkt. 2.10 - Siste setning endrast til «Der det er notert P i plankartet skal ein regulere slike parkeringsplassar i samråd med Statens Vegvesen».
  - g) I føresegnene pkt. 3.7 - I tabellen «Føringar» - føy til «detaljhandel» - gjeld områda N1-N4.
  - h) Fareområde høgspent vert teken ut der den er lagt i kabel, jf. e-post frå VTK 05.10.17
  - i) Område FT11, FT9 og FT6 blir endra frå blått til gult.
  - j) Utfartsparkering blir bygd i nordenden av F14
6. Handsaming av framlegg til kommunedelplan Vågslid alternativ 1 blir utsett til etter mekling.
7. Reguleringsplan for Bukkeneset og Tyrvelidkrysset vert oppheva i medhald av pbl § 12 – 14.